



Nord-Aurdal kommune

Valdres flyklubb modell
Sagbråtenfeltet

2910 AURDAL

Attn: Sekretær Jo Gini

Dykkar ref.:

Vår ref.:
nyhgun - 09/8246

Vår dato:
14.10.2009

Svar vedr. innspel til revisjon av arealdelen til kommuneplanen.

Viser til innspel til revisjon av arealdelen til kommuneplanen datert 04.10.09 der de foreslår å bruka Pøllaøyé til modellflystripe, parkering og brakker for lagring av utstyr.

Arealdelen til kommuneplanen er i Nord-Aurdal delt i 2, og dette området inngår i det som vert omtalt som delplan for bygdene. Kommunen har i lenger tid arbeidd med ein revisjon av planen, og er no inne i sluttfasen. Det er planlagt sluttbehandling i formannskapet 29.10.09 med påfølgjande eigengodkjenning i kommunestyret 12.11.09.

Området vart saman med 4 andre nærliggande område vurdert til motorcrossport under planprosessen. Pøllaøyé vart trekt frå forslaget i forkant av behandlinga 08.06.07, sak 044/07. Administrasjonen var i saksutgreiinga skeptisk til å bruka området til motorsport, og viste til at dette er eit mykje brukt friluftsområde samt nærleiken til vassdrag. Formannskapet vedtok i møtet i sak 044/07 at dei ville vurdera dei 4 siste områda nærare når det var gjennomført støyvurdering og konsekvensvurdering for områda. Sidan kommune aldri har motteke dette, vart ikkje områda nærare vurdert og er ikkje med i endeleg planforslag.

Viser til § 12-2 om områderegulering og § 12-3 om detaljregulering i ny plan- og bygningslov. For områderegulering som inneber vesentleg endringar av vedteken kommuneplan gjeld § 4-2 andre ledd, ved vesentlege avvik i private forslag til detaljregulering (må følgja opp hovudtrekk og rammer i arealdelen til kommuneplanen) gjeld krava i § 4-2 andre ledd: "...for reguleringsplaner som kan få vesentlege virkningar for miljø og samfunn, skal planbeskrivelsen gi en særskilt vurdering og beskrivelse – konsekvensutredning – av planens virkningar for miljø og samfunn".

Administrasjonen finn det vanskeleg å tilrå at ein utset godkjenninga av kommuneplanen for å innarbeida forslaget, og ser det som vanskeleg å tilrå at det vert sett i gang arbeid med konsekvensutgreiing med sikte på privat reguleringsplan før kommuneplanen er eigengodkjent av kommunestyret. Ev. førespurnad om dette vil bli frårådd av administrasjonen.

Kommunen har påbegynt arbeidet med revisjon av samfunnsdelen til kommuneplanen. Kommunestyret her gjort vedtak om at utmarksdelen til kommuneplanen skal reviderast etter at denne er slutført, og først då og i samheng med det, kan det vera aktuelt å sjå på ein ny revisjon av delplan for bygdene og vurdera dette innspelet nærare.

Besøksadresse:
Rådhuset
Jernbanevegen 22

Postadresse:
Postboks 143
2901 Fagernes


Telefön:
61 35 90 00

Telefaks:
61 35 90 01

Organisasjonsnummer: 961381908
E-post: nak@nord-aurdal.kommune.no
www.nord-aurdal.kommune.no

Kommunen arkiverer innspelet her til neste revisjon av arealdelen til kommuneplanen, delplan for bygdene.

Med helsing



Gunn Tove Nyheim
arealplanleggar